


# TINE Råvare


## Landsprognose for leveranse av kumjølke

mill. ltr



mill. ltr

Leveranse og prognose per år



Prognose august 2017

**INNHALD**

<i>Meierileveranse av kumjøl</i>	2
<i>Kvoter og kvotefylling</i>	2
<i>Prognose for leveranse av kumjøl</i>	3
<i>Prognose for leveranse av økologisk mjøl</i>	4
<i>Prognoseendringar 2017</i>	5
<i>Prognose for feitt</i>	6
<i>Prognose for protein</i>	8
<i>Utvikling i kotal og kalvingar</i>	9
<i>Slakting</i>	10
<i>Mjølkekyr</i>	11
<i>Avdrått</i>	13

Alle raude tal i tabellane er prognosetal, medan faktiske tal er svarte. I grafane er prognosetala markert med stripla linjer og faktiske tal med heiltrukne linjer i ulike fargar for kvart år.



## Meierileveranse av kumjøl

Leveranse kumjøl, mill. liter

	2013	2014	2015	2016	2017	Endring 2014		Endring 2015		Endring 2016		Endring 2017	
						mill. ltr	%	mill. ltr	%	mill. ltr	%	mill. ltr	%
Jan	140.2	135.5	140.3	138.8	136.9	-4.8	-3.4 %	4.8	3.5 %	-1.5	-1.1 %	-1.9	-1.3 %
Febr	125.4	121.7	127.4	132.3	125.4	-3.7	-2.9 %	5.7	4.7 %	4.9	3.8 %	-6.9	-5.2 %
Mars	137.8	135.2	141.8	142.4	139.3	-2.6	-1.9 %	6.6	4.9 %	0.6	0.4 %	-3.0	-2.1 %
Apr	137.5	133.4	136.9	137.2	134.4	-4.2	-3.0 %	3.5	2.6 %	0.3	0.2 %	-2.8	-2.0 %
Mai	138.8	135.9	136.5	138.5	137.8	-2.8	-2.0 %	0.6	0.4 %	2.0	1.4 %	-0.7	-0.5 %
Jun	124.1	122.8	126.0	124.4	122.9	-1.4	-1.1 %	3.2	2.6 %	-1.6	-1.3 %	-1.5	-1.2 %
Jul	118.3	116.8	118.0	115.4	114.2	-1.5	-1.3 %	1.2	1.0 %	-2.6	-2.2 %	-1.2	-1.0 %
Aug	113.9	111.5	113.4	112.3		-2.4	-2.1 %	1.9	1.7 %	-1.1	-1.0 %		
Sept	111.2	112.8	113.2	110.5		1.6	1.5 %	0.4	0.3 %	-2.7	-2.4 %		
Okt	121.6	121.6	122.2	118.8		-0.0	0.0 %	0.5	0.4 %	-3.4	-2.7 %		
Nov	123.4	124.3	125.1	121.5		0.9	0.7 %	0.8	0.6 %	-3.6	-2.9 %		
Des	132.6	137.7	135.5	130.8		5.1	3.8 %	-2.2	-1.6 %	-4.7	-3.5 %		
<b>Sum</b>	<b>1 525.0</b>	<b>1 509.2</b>	<b>1 536.2</b>	<b>1 522.8</b>		<b>-15.8</b>	<b>-1.0 %</b>	<b>27.1</b>	<b>1.8 %</b>	<b>-13.5</b>	<b>-0.9 %</b>		
<b>Sum pr. 1.aug</b>	<b>922.2</b>	<b>901.2</b>	<b>926.9</b>	<b>928.9</b>	<b>910.9</b>	<b>-21.0</b>	<b>-2.3 %</b>	<b>25.7</b>	<b>2.8 %</b>	<b>2.0</b>	<b>0.2 %</b>	<b>-18.0</b>	<b>-1.9 %</b>

I juni og juli vart leveransane 122.9 og 114.2 mill. liter, ein nedgang på respektive 1,2 og 1,0 % frå året før. For juni var dette eit avvik i forhold til prognosa på -0,06 % medan det i juli vart eit avvik på -1,6 %. Hittil i år er nedgangen på 18,0 mill. liter eller 1,9 % i forhold til året før. Korrigert for skotårsdagen i 2016 er nedgangen hittil i år på 13,4 mill. liter, eller -1,5 %. Meierileveransen for 2016 var på 1522,8 mill. liter, ein reduksjon på 13,5 mill. liter (0,9 %) frå året før.

## Kvoter og kvotefylling

	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Ant. eigedomar	14 423	13 982	13 686	13 488	13 246	13 040
Ant. foretak	10 284	9 824	9 464	9 131	8 815	8 581
Aktiv grunnkvote, mill. ltr	1 628	1 625	1 624	1 629	1 632	1 635
Forholdstall	7 %	3 %	3 %	3 %	0 %	-2 %
Disponibel kvote, mill. ltr	1 742	1 674	1 687	1 678	1 632	1 603
Snitt disp. kvote, ltr	169 386	170 396	178 307	183 741	185 192	186 788
Produksjon, mill. ltr	1 533	1 517	1 509	1 536	1 523	1 499
Kvotefylling	88.0 %	90.6 %	89.4 %	91.6 %	93.3 %	93.5 %

Kvotear 2012 og 2013 er frå 1.3 - 28/29.2. Frå og med 2014 er kvotear 1.1. - 31.12.

Kilde: Landbruksdirektoratet

Produksjonstaket er 900 000 liter. Føretak med historisk kvote over 900 000 liter får oppretthalde denne. I 2016 var det 298 produsentar som selde totalt 25,7 mill. liter. Det er 22 færre produsentar enn i 2015, og det er omsett 2,2 mill. liter mindre enn året før.




## Prognose for leveranse av kumjølke

	Mill. liter						Endring frå forrige år				
	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2014	2015	2016	2017	2018
Jan	140.2	135.5	140.3	138.8	136.9	136	-3.4 %	3.5 %	-1.1 %	-1.3 %	-0.7 %
Febr	125.4	121.7	127.4	132.3	125.4	125	-2.9 %	4.7 %	3.8 %	-5.2 %	-0.3 %
Mars	137.8	135.2	141.8	142.4	139.3	139	-1.9 %	4.9 %	0.4 %	-2.1 %	-0.2 %
Apr	137.5	133.4	136.9	137.2	134.4	133	-3.0 %	2.6 %	0.2 %	-2.0 %	-1.0 %
Mai	138.8	135.9	136.5	138.5	137.8	137	-2.0 %	0.4 %	1.4 %	-0.5 %	-0.6 %
Jun	124.1	122.8	126.0	124.4	122.9	123	-1.1 %	2.6 %	-1.3 %	-1.2 %	0.1 %
Jul	118.3	116.8	118.0	115.4	114.2	114	-1.3 %	1.0 %	-2.2 %	-1.0 %	-0.2 %
Aug	113.9	111.5	113.4	112.3	111	111	-2.1 %	1.7 %	-1.0 %	-1.2 %	0.0 %
Sept	111.2	112.8	113.2	110.5	110	110	1.5 %	0.3 %	-2.4 %	-0.4 %	0.0 %
Okt	121.6	121.6	122.2	118.8	118	119	0.0 %	0.4 %	-2.7 %	-0.7 %	0.8 %
Nov	123.4	124.3	125.1	121.5	120	122	0.7 %	0.6 %	-2.9 %	-1.2 %	1.7 %
Des	132.6	137.7	135.5	130.8	129	129	3.8 %	-1.6 %	-3.5 %	-1.4 %	0.0 %
<b>Sum</b>	<b>1 525</b>	<b>1 509</b>	<b>1 536</b>	<b>1 523</b>	<b>1 499</b>	<b>1 498</b>	<b>-1.0 %</b>	<b>1.8 %</b>	<b>-0.9 %</b>	<b>-1.6 %</b>	<b>-0.1 %</b>

Leveransen i juni traff bra med prognosa med eit avvik på - 0,06 %. I juli vart leveransen 1,8 mill. liter lågare enn prognosa, eit avvik på -1,6 %. Dette skuldast først og fremst fleire slakt i juni som følgje av omlegging av telledatoane (1.mai) enn det som var lagt inn i prognosa. Prognosa er no på 1499 mill. liter. Dette er ein reduksjon på 1,6 % frå 2016 og vil gi ei kvotefylling på 93,5 %. Med eit avvik på +/- 0,5 % forventar vi at leveransane vil ligge mellom 1496 og 1502 mill. liter.

I prognosa for 2018 er det forutsett same forholdstal for kvote som i år. Vidare er det satt ein auke i avdråtten på 0,8 % og færre mjølkekyr. På grunn av omlegging av søknadsfristen for produksjonstillegg frå 1.januar til 1.mars 2018 er det lagt til grunn lågare slakting på starten av året. Prognosa for 2018 er berekna til 1498 mill. liter.

## Prognose for leveranse av økologisk mjølk



	2015	2016	2017	2018	2016	2017	2018
Jan	4.42	4.49	4.53	4.5	1.6 %	0.8 %	-0.6 %
Febr	4.04	4.26	4.11	4.1	5.4 %	-3.7 %	-0.2 %
Mars	4.37	4.68	4.50	4.5	6.9 %	-3.7 %	-0.1 %
Apr	4.23	4.39	4.41	4.4	3.6 %	0.6 %	-0.3 %
Mai	4.40	4.59	4.60	4.6	4.3 %	0.2 %	0.0 %
Jun	4.21	4.10	4.27	4.3	-2.6 %	4.2 %	0.7 %
Jul	4.04	3.91	4.10	4.1	-3.2 %	4.9 %	0.1 %
Aug	3.94	3.92	4.1	4.1	-0.3 %	4.5 %	0.0 %
Sept	3.87	3.81	3.9	3.9	-1.6 %	2.4 %	0.0 %
Okt	3.93	3.94	4.0	4.0	0.3 %	1.5 %	0.0 %
Nov	3.98	3.97	4.1	4.1	-0.2 %	3.2 %	0.0 %
Des	4.30	4.30	4.4	4.4	0.0 %	2.4 %	0.0 %
<b>Sum</b>	<b>49.7</b>	<b>50.4</b>	<b>51.1</b>	<b>51.0</b>	<b>1.3 %</b>	<b>1.5 %</b>	<b>-0.2 %</b>
<b>Akk.juli</b>	<b>29.7</b>	<b>30.4</b>	<b>30.5</b>	<b>30.5</b>	<b>2.4 %</b>	<b>0.3 %</b>	<b>0.0 %</b>

Prognosa for økologisk mjølk er basert på fjorårstal. Det er forutsett ein auke i leveransen på 3 % for resten av året på bakgrunn av den auken som har vore hittil i år. Det vil gi ei prognose for 2017 på 51.1 mill. liter. Tal for 2018 er forutsett uendra behov og sett lik 2017.



## Prognoseendringar 2017, mill. liter

	Prognosetidspunkt					Leveranse	Avvik *)	
	des.16	mar.17	mai.17	jun.17	aug.17		ltr	%
jan.17	137					136.9	-0.6	-0.4 %
feb.17	126					125.4	-0.4	-0.3 %
mar.17	141	141				139.3	-1.8	-1.3 %
apr.17	137	136				134.4	-2.1	-1.6 %
mai.17	137	138	136			137.8	0.4	0.3 %
jun.17	123	123	122	123		122.9	0.4	0.3 %
jul.17	115	115	115	116		114.2	-0.5	-0.4 %
aug.17	111	111	111	111	111			
sep.17	112	112	112	110	110			
okt.17	120	120	120	118	118			
nov.17	122	121	122	121	120			
des.17	130	129	130	129	129			
Akk. Juli	916					910.9	-4.7	-0.5 %
Året 2017	1 510	1 507	1 502	1 502	1 499	*) Avvik er diff. mellom levert og prognose per des. 2016		

Hittil i år er det levert 4,7 mill. liter under prognosa før starten av året. Dette er eit avvik på 0,5 %.


Prognose-tidspunkt	Mill. ltr	Endringar	Årsak til endring	Kommentar
des.16	1 510			Prognose etter redusert forholdstal ( 1,00-> 0,98)
mar.17	1 507	-3	Lågare dyretal og litt høgare avdrått	
mai.17	1 502	-5	Lågare dyretal	Auka slakting i starten av året og utjamning av effektar etter endra søknadsdatoar for produksjonstillegg.
jun.17	1 502	0		Lagt inn slakt frå KK, heva avdrått for 2018 til 0,8 % i forhold til 2017. Vanskeleg å tilpasse slaktedata.
aug.17	1 499	-3	Auka slakting pga. endra telledato	



## Prognose feittprosent

Tal for feitt og protein frå Q-meieria er inkludert frå og med januar 2016. På grunn av lite volum har det stort sett liten verknad på gjennomsnittstala, bortsett frå i sommarmånadene (mai-aug) då forskjellane på stoffleg innhald mellom TINE og Q er relativt store (lågare hos Q). Det har gitt utslag med ca. 1/100.

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Endringar frå forrige år				
							2014	2015	2016	2017	2018
Jan	4.19	4.16	4.22	4.28	4.24	4.19	-0.8 %	1.6 %	1.5 %	-1.0 %	-1.2 %
Febr	4.22	4.15	4.24	4.27	4.26	4.20	-1.6 %	2.0 %	0.9 %	-0.3 %	-1.4 %
Mars	4.23	4.16	4.22	4.30	4.29	4.21	-1.6 %	1.3 %	2.0 %	-0.3 %	-1.9 %
Apr	4.24	4.19	4.27	4.29	4.29	4.23	-1.2 %	2.0 %	0.5 %	0.0 %	-1.4 %
Mai	4.19	4.17	4.26	4.28	4.27	4.21	-0.6 %	2.1 %	0.5 %	-0.2 %	-1.4 %
Jun	4.17	4.14	4.26	4.24	4.22	4.19	-0.8 %	2.7 %	-0.4 %	-0.5 %	-0.7 %
Jul	4.17	4.10	4.21	4.20	4.22	4.16	-1.7 %	2.9 %	-0.3 %	0.5 %	-1.4 %
Aug	4.11	4.07	4.18	4.18	4.18	4.15	-1.0 %	2.5 %	0.1 %	0.0 %	-0.7 %
Sept	4.16	4.18	4.21	4.23	4.20	4.18	0.4 %	0.9 %	0.4 %	-0.7 %	-0.5 %
Okt	4.22	4.23	4.28	4.32	4.25	4.24	0.4 %	1.2 %	0.8 %	-1.6 %	-0.2 %
Nov	4.21	4.23	4.27	4.33	4.24	4.24	0.6 %	0.9 %	1.4 %	-2.1 %	0.0 %
Des	4.17	4.23	4.26	4.26	4.23	4.22	1.4 %	0.9 %	-0.1 %	-0.7 %	-0.2 %
Gj.snitt	4.19	4.17	4.24	4.27	4.24	4.20	-0.5 %	1.7 %	0.6 %	-0.6 %	-0.9 %
1. kv	4.21	4.16	4.23	4.29	4.26	4.20	-1.3 %	1.6 %	1.4 %	-0.5 %	-1.5 %
2. kv	4.20	4.17	4.26	4.27	4.26	4.21	-0.9 %	2.3 %	0.2 %	-0.2 %	-1.2 %
3. kv	4.15	4.12	4.20	4.20	4.20	4.16	-0.8 %	2.1 %	0.0 %	-0.1 %	-0.9 %
4. kv	4.20	4.23	4.27	4.30	4.24	4.23	0.8 %	1.0 %	0.7 %	-1.5 %	-0.2 %





Feittprosenten for juni vart 0,03 %-einingar lågare enn prognosa, medan for juli vart den 0,02 %-einingar høgare og enda på 4,22 % begge månadene. I gjennomsnitt er dette likt som førre år. Feittprosenten er justert ned for resten av 2017 og for 2018 på grunn av forventa mykje dårleg grovfôr kvalitet og auke i kraftfôrforbruk i haust og vinter. I tillegg er det venta endringar i kraftfôrblendingane som skal gi mindre metta feitt i mjølka, og det vil kunne påverke feittprosenten negativt.

Grovfôravlingane så langt tyder på eit år med svært varierende kvalitet. I store delar av landet, men først og fremst langs kysten frå Trøndelag til Rogaland, har mykje nedbør ført til utsatt hausting mange stader. Det er dermed forventa låg energiverdi i grovfôret. Avlingane ser jamt over ut til å vere bra, men på grunn av mykje regn rundt 1.slåtten (og 2.slåtten) har det gitt dårlege forhold for fortørking av graset og dermed låg tørrstoff i fôret. Det kan bli ei utfordring med gjæringskvaliteten, og dermed for fôropptaket. Mykje regn kan også ha redusert sukkerinnhaldet i graset, som har betydning for feittprosenten. Det er dermed forventa høgt forbruk av kraftfôr for å kompensere låg energiverdi og opptak av grovfôret. Det forventar vi vil gi redusert feittprosent. Noko betre tilgang på betefiber i år enn i fjor er positivt for feittprosenten. Samtidig kan auka fokus på feittsyremønster og bruk av norsk kraftfôr virke motsett og gi utslag i redusert feittprosent.






## Prognose proteinprosent

Tal frå Q-meieria er med frå og med januar 2016, men på grunn av lite volum har det liten verknad på gjennomsnittstala. Proteinprosenten for mai 2017 er utan tala frå Q-meieria.

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2014	2015	2016	2017	2018
Jan	3.36	3.37	3.42	3.41	3.38	3.39	0.4 %	1.4 %	-0.3 %	-0.9 %	0.3 %
Febr	3.35	3.36	3.41	3.41	3.39	3.40	0.3 %	1.5 %	-0.1 %	-0.6 %	0.3 %
Mars	3.35	3.38	3.42	3.43	3.40	3.41	1.0 %	1.0 %	0.3 %	-0.9 %	0.3 %
Apr	3.36	3.42	3.42	3.43	3.42	3.43	1.9 %	0.0 %	0.3 %	-0.3 %	0.3 %
Mai	3.32	3.40	3.43	3.42	3.40	3.42	2.4 %	1.0 %	-0.4 %	-0.6 %	0.6 %
Jun	3.33	3.38	3.44	3.40	3.40	3.41	1.5 %	1.8 %	-1.2 %	0.0 %	0.3 %
Jul	3.34	3.37	3.42	3.37	3.37	3.40	1.0 %	1.6 %	-1.6 %	0.0 %	0.9 %
Aug	3.37	3.36	3.44	3.41	3.40	3.41	-0.4 %	2.2 %	-0.7 %	-0.3 %	0.3 %
Sept	3.41	3.48	3.47	3.44	3.43	3.44	1.9 %	-0.3 %	-0.7 %	-0.3 %	0.3 %
Okt	3.41	3.46	3.46	3.47	3.44	3.45	1.3 %	0.2 %	0.2 %	-0.9 %	0.3 %
Nov	3.39	3.44	3.43	3.45	3.42	3.43	1.4 %	-0.2 %	0.5 %	-0.9 %	0.3 %
Des	3.38	3.42	3.41	3.41	3.40	3.41	1.2 %	-0.3 %	0.0 %	-0.3 %	0.3 %
<b>Gj.snitt</b>	<b>3.36</b>	<b>3.40</b>	<b>3.43</b>	<b>3.42</b>	<b>3.40</b>	<b>3.42</b>	<b>1.2 %</b>	<b>0.8 %</b>	<b>-0.3 %</b>	<b>-0.5 %</b>	<b>0.4 %</b>
1. kv	3.35	3.37	3.42	3.42	3.39	3.40	0.6 %	1.3 %	0.0 %	-0.8 %	0.3 %
2. kv	3.34	3.40	3.43	3.42	3.41	3.42	1.9 %	0.9 %	-0.4 %	-0.3 %	0.4 %
3. kv	3.37	3.40	3.44	3.41	3.40	3.42	0.9 %	1.2 %	-1.0 %	-0.2 %	0.5 %
4. kv	3.39	3.44	3.44	3.44	3.42	3.43	1.3 %	-0.1 %	0.2 %	-0.7 %	0.3 %



Proteinprosenten for juni og juli vart lik året før for tilsvarende månader. Innhaldet av protein var i juni i samsvar med prognosa, men var i juli 2/100 lågare enn prognosa. Prognosa for protein er ikkje endra sidan siste prognose. Vi fikk altså i år ein tilsvarende dropp i proteinprosenten som året før. Vi forventar ein reduksjon på 0,5 % i 2017 samanlikna med 2016 som gir eit gjennomsnitt for 2017 på 3.40 %. For 2018 er det forutsett ein auke i proteinprosenten på 0,4 %.

Forventa høgare forbruk av kraftfôr kan verke positivt for proteinprosenten.



## Utvikling i kotal (mjølkekyr og ammekyr)

	1 000 stk per 1. januar						Endring frå foregåande år				
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2013	2014	2015	2016	2017
Mjølkekyr	237.6	238.8	229.6	228.3	227.2	221.2	0.5 %	-3.9 %	-0.6 %	-0.5 %	-2.6 %
Ammekyr	65.6	67.5	68.8	71.9	75.5	83.0	2.9 %	1.9 %	4.5 %	5.0 %	9.9 %
Kyr totalt	303.2	306.3	298.4	300.2	302.7	304.2	1.0 %	-2.6 %	0.6 %	0.8 %	0.5 %

Kilde Landbruksdirektoratet, Statistikk frå søknad om produksjonstillegg

Tal frå Landbruksdirektoratet viser ein nedgang i tal mjølkekyr per 1.januar 2017 på om lag 6 000 dyr frå året før, ein nedgang på 2,6 %. Tal ammekyr har auka med 7 500 dyr, ein auke på 9,9 %.

## Kalvinger (mjølkekyr), faktisk og prognose

	1 000 stk per 1. januar						Endring frå forrige år				
	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2014	2015	2016	2017	2018
Jan	17 019	17 850	17 495	17 941	18 226	17 642	4.9 %	-2.0 %	2.5 %	1.6 %	-3.2 %
Febr	15 552	15 195	15 379	15 527	15 676	15 434	-2.3 %	1.2 %	1.0 %	1.0 %	-1.5 %
Mars	16 214	15 090	14 903	15 208	15 078	14 898	-6.9 %	-1.2 %	2.0 %	-0.9 %	-1.2 %
Apr	14 065	13 699	13 081	13 420	13 271	12 804	-2.6 %	-4.5 %	2.6 %	-1.1 %	-3.5 %
Mai	14 007	13 437	13 226	12 986	12 942	12 559	-4.1 %	-1.6 %	-1.8 %	-0.3 %	-3.0 %
Jun	13 415	13 162	13 539	13 263	13 041	12 778	-1.9 %	2.9 %	-2.0 %	-1.7 %	-2.0 %
Jul	17 829	17 213	17 965	17 738	17 396	17 129	-3.5 %	4.4 %	-1.3 %	-1.9 %	-1.5 %
Aug	22 886	21 945	22 360	22 295	22 115	21 770	-4.1 %	1.9 %	-0.3 %	-0.8 %	-1.6 %
Sept	29 992	29 512	29 680	29 495	29 103	28 619	-1.6 %	0.6 %	-0.6 %	-1.3 %	-1.7 %
Okt	26 660	26 614	26 690	26 286	26 240	25 780	-0.2 %	0.3 %	-1.5 %	-0.2 %	-1.8 %
Nov	20 454	20 596	20 709	20 911	20 503	20 180	0.7 %	0.5 %	1.0 %	-2.0 %	-1.6 %
Des	19 567	20 036	20 110	19 795	20 052	19 784	2.4 %	0.4 %	-1.6 %	1.3 %	-1.3 %
<b>Sum</b>	<b>227 660</b>	<b>224 349</b>	<b>225 137</b>	<b>224 865</b>	<b>223 643</b>	<b>219 378</b>	<b>-1.5 %</b>	<b>0.4 %</b>	<b>-0.1 %</b>	<b>-0.5 %</b>	<b>-1.9 %</b>
1. kv	48 785	48 135	47 777	48 676	48 980	47 974	-1.3 %	-0.7 %	1.9 %	0.6 %	-2.1 %
2. kv	41 487	40 298	39 846	39 669	39 255	38 142	-2.9 %	-1.1 %	-0.4 %	-1.0 %	-2.8 %
3. kv	70 707	68 670	70 005	69 528	68 614	67 519	-2.9 %	1.9 %	-0.7 %	-1.3 %	-1.6 %
4. kv	66 681	67 246	67 509	66 992	66 795	65 744	0.8 %	0.4 %	-0.8 %	-0.3 %	-1.6 %

Prognosa for delar av 2017 byggjer på opplysningar om insemineringsdata for 2016. På grunn av auka slakting i 2016 og redusert dyretall per 1.januar 2017 forventar vi ein nedgang i tal kalvingar i 2017 på 0,5 % og ytterlegare 1,9 % i 2018.



## Kuslakting, faktisk og prognose

							Endring frå forrige år				
	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2014	2015	2016	2017	2018
Jan	10 412	10 554	10 545	9 497	9 718	8 524	1.4 %	-0.1 %	-9.9 %	2.3 %	-12.3 %
Febr	8 394	7 736	6 696	7 356	6 451	5 722	-7.8 %	-13.4 %	9.9 %	-12.3 %	-11.3 %
Mars	6 796	7 153	6 810	6 151	6 800	7 664	5.3 %	-4.8 %	-9.7 %	10.6 %	12.7 %
Apr	7 430	4 947	5 969	6 572	4 567	5 476	-33.4 %	20.7 %	10.1 %	-30.5 %	19.9 %
Mai	6 990	5 440	5 849	6 449	7 128	5 485	-22.2 %	7.5 %	10.3 %	10.5 %	-23.0 %
Jun	7 655	6 007	6 567	6 598	7 585	6 233	-21.5 %	9.3 %	0.5 %	15.0 %	-17.8 %
Jul	5 321	4 144	4 236	4 344	4 420	4 332	-22.1 %	2.2 %	2.5 %	1.7 %	-2.0 %
Aug	10 371	9 635	10 080	10 474	7 993	7 334	-7.1 %	4.6 %	3.9 %	-23.7 %	-8.3 %
Sept	11 386	9 792	10 066	9 583	8 970	8 790	-14.0 %	2.8 %	-4.8 %	-6.4 %	-2.0 %
Okt	12 167	9 632	9 851	10 305	10 940	10 222	-20.8 %	2.3 %	4.6 %	6.2 %	-6.6 %
Nov	8 347	6 868	7 817	8 047	8 152	7 789	-17.7 %	13.8 %	2.9 %	1.3 %	-4.5 %
Des	5 447	4 640	4 912	4 779	5 244	5 139	-14.8 %	5.9 %	-2.7 %	9.7 %	-2.0 %
<b>Sum</b>	<b>100 716</b>	<b>86 548</b>	<b>89 398</b>	<b>90 155</b>	<b>87 968</b>	<b>82 709</b>	<b>-14.1 %</b>	<b>3.3 %</b>	<b>0.8 %</b>	<b>-2.4 %</b>	<b>-6.0 %</b>
1. kv	25 602	25 443	24 051	23 004	22 969	21 910	-0.6 %	-5.5 %	-4.4 %	-0.2 %	-4.6 %
2. kv	22 075	16 394	18 385	19 619	19 280	17 194	-25.7 %	12.1 %	6.7 %	-1.7 %	-10.8 %
3. kv	27 078	23 571	24 382	24 401	21 383	20 455	-13.0 %	3.4 %	0.1 %	-12.4 %	-4.3 %
4. kv	25 961	21 140	22 580	23 131	24 336	23 149	-18.6 %	6.8 %	2.4 %	5.2 %	-4.9 %

Slaktedata for mjølkekyr er frå kukontrollen og statistikkar som blir lagt fram månadsvis. Prognosetal er utrekna på grunnlag av forventa slakta kyr (sum mjølk og kjøtt frå Nortura) og eit forventa forhold mellom tal mjølke- og kjøtfe som førre år. På grunn av omlegging av søknadsfristar for produksjonstillegg til 1.mai og 1.oktober (2017) er fordelinga av slakt endra med mindre slakting i april og august og meir slakting i mai og oktober/november enn i 2016. Tal slakt for juni vart høgare enn prognosa og var hovudårsak til at leveransen vart lågare enn venta. På grunn av venta stimuli frå Nortura for å unngå stor auke i tal slakt frå 1.oktober så er justeringane først og fremst lagt til august.

I 2017 er det prognosert ein reduksjon i slaktinga samanlikna med 2016 på grunn av lågare dyretal ved starten av året. Tilpassing til redusert forholdstal og forventa reduksjon i leveransen som følge av høgare overproduksjonsavgift vil truleg skje gjennom redusert dyretal. Høgare prisar på kjøt forventar vi også vil føre til ein auke i talet på ammekyr.

På grunn av omlegging av søknadsfrist for produksjonstillegg frå 1.januar til 1. mars 2018 er det lagt opp til mindre slakting i januar og februar.



## Mjølkekyr, faktisk og prognose

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2014	2015	2016	2017	2018
Jan	238 800	229 650	228 300	227 200	221 182	217 143	-3.8 %	-0.6 %	-0.5 %	-2.6 %	-1.8 %
Febr	235 588	226 522	225 216	225 196	219 289	216 210	-3.8 %	-0.6 %	0.0 %	-2.6 %	-1.4 %
Mars	234 308	225 442	225 651	224 937	219 797	217 347	-3.8 %	0.1 %	-0.3 %	-2.3 %	-1.1 %
Apr	234 361	224 781	225 311	225 322	219 468	216 084	-4.1 %	0.2 %	0.0 %	-2.6 %	-1.5 %
Mai	231 822	224 286	224 345	223 517	219 625	215 184	-3.3 %	0.0 %	-0.4 %	-1.7 %	-2.0 %
Jun	229 496	222 898	223 044	221 205	216 649	213 743	-2.9 %	0.1 %	-0.8 %	-2.1 %	-1.3 %
Jul	226 650	221 132	220 927	218 967	213 415	211 783	-2.4 %	-0.1 %	-0.9 %	-2.5 %	-0.8 %
Aug	228 800	223 750	224 100	221 540	215 930	214 288	-2.2 %	0.2 %	-1.1 %	-2.5 %	-0.8 %
Sept	227 764	222 410	222 678	219 310	215 859	214 744	-2.4 %	0.1 %	-1.5 %	-1.6 %	-0.5 %
Okt	228 464	223 849	224 028	220 904	217 632	216 507	-2.0 %	0.1 %	-1.4 %	-1.5 %	-0.5 %
Nov	227 173	224 484	224 368	220 230	216 079	215 497	-1.2 %	-0.1 %	-1.8 %	-1.9 %	-0.3 %
Des	227 281	225 285	224 367	219 852	215 082	214 741	-0.9 %	-0.4 %	-2.0 %	-2.2 %	-0.2 %
<b>Gj.snitt</b>	<b>230 876</b>	<b>224 541</b>	<b>224 361</b>	<b>222 348</b>	<b>217 501</b>	<b>215 273</b>	<b>-2.7 %</b>	<b>-0.1 %</b>	<b>-0.9 %</b>	<b>-2.2 %</b>	<b>-1.0 %</b>
1. kv	236 232	227 205	226 389	225 778	220 089	216 900	-3.8 %	-0.4 %	-0.3 %	-2.5 %	-1.4 %
2. kv	231 893	223 988	224 233	223 348	218 581	215 004	-3.4 %	0.1 %	-0.4 %	-2.1 %	-1.6 %
3. kv	227 738	222 430	222 568	219 939	215 068	213 605	-2.3 %	0.1 %	-1.2 %	-2.2 %	-0.7 %
4. kv	227 639	224 540	224 254	220 329	216 264	215 582	-1.4 %	-0.1 %	-1.8 %	-1.8 %	-0.3 %


Siste faktiske tal etter telledato var 1.januar 2017. Dei endelege tala vart først offentleggjort i sommar og var ca. 1200 dyr lågare enn dei foreløpige tala. Tabellen viser talet på mjølkekyr ved inngangen til kvar månad. Vi forventar ein reduksjon i 2017 på 2,2 % i forhold til i 2016, ein differanse på 4 847 kyr. Ein tilsvarende reduksjon er venta i tal mjølkande kyr på 2,3 % (4 025 kyr). I 2018 er det berekna ein reduksjon i gjennomsnittleg tal mjølkande kyr på 1 542 eller 0,9 %.

## Mjølkkande kyr

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Endring frå forrige år				
							2014	2015	2016	2017	2018
Jan	191 787	185 668	184 678	183 770	177 710	174 843	-3.2 %	-0.5 %	-0.5 %	-3.3 %	-1.6 %
Febr	192 180	184 447	184 597	184 363	179 345	177 087	-4.0 %	0.1 %	-0.1 %	-2.7 %	-1.3 %
Mars	192 309	184 275	185 976	186 070	181 108	178 699	-4.2 %	0.9 %	0.1 %	-2.7 %	-1.3 %
Apr	191 989	185 665	186 596	187 141	183 080	179 816	-3.3 %	0.5 %	0.3 %	-2.2 %	-1.8 %
Mai	190 733	185 638	185 287	185 264	181 746	178 683	-2.7 %	-0.2 %	0.0 %	-1.9 %	-1.7 %
Jun	187 695	180 213	179 847	178 161	174 080	172 231	-4.0 %	-0.2 %	-0.9 %	-2.3 %	-1.1 %
Jul	177 156	171 851	171 756	168 740	164 464	163 210	-3.0 %	-0.1 %	-1.8 %	-2.5 %	-0.8 %
Aug	170 255	166 877	166 607	163 195	159 838	158 816	-2.0 %	-0.2 %	-2.0 %	-2.1 %	-0.6 %
Sept	175 723	169 220	168 674	165 312	162 788	161 947	-3.7 %	-0.3 %	-2.0 %	-1.5 %	-0.5 %
Okt	181 867	175 538	174 832	171 212	168 325	168 022	-3.5 %	-0.4 %	-2.1 %	-1.7 %	-0.2 %
Nov	183 931	179 955	178 496	174 437	170 899	171 136	-2.2 %	-0.8 %	-2.3 %	-2.0 %	0.1 %
Des	185 139	183 389	181 581	176 453	172 436	172 832	-0.9 %	-1.0 %	-2.8 %	-2.3 %	0.2 %
<b>Gj.snitt</b>	<b>185 064</b>	<b>179 395</b>	<b>179 077</b>	<b>177 010</b>	<b>172 985</b>	<b>171 443</b>	<b>-3.1 %</b>	<b>-0.2 %</b>	<b>-1.2 %</b>	<b>-2.3 %</b>	<b>-0.9 %</b>
1. kv	192 092	184 797	185 084	184 734	179 388	176 876	-3.8 %	0.2 %	-0.2 %	-2.9 %	-1.4 %
2. kv	190 139	183 839	183 910	183 522	179 635	176 910	-3.3 %	0.0 %	-0.2 %	-2.1 %	-1.5 %
3. kv	174 378	169 316	169 013	165 749	162 363	161 324	-2.9 %	-0.2 %	-1.9 %	-2.0 %	-0.6 %
4. kv	183 646	179 627	178 303	174 034	170 554	170 663	-2.2 %	-0.7 %	-2.4 %	-2.0 %	0.1 %



I modellen vert populasjonen av mjølkekyr fordelt på alders- og laktasjonsgrupper etter den prosentvise fordelinga i Kukontrollen.



## Avdråttsutvikling

Gjennomsnittlig dagsavdrått i kukontrollen (kg mjølk per ku og dag)

							Endring frå forrige år				
	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2014	2015	2016	2017	2018
Jan	25.43	25.68	26.07	26.26	26.53	26.74	1.0 %	1.5 %	0.7 %	1.0 %	0.8 %
Febr	25.48	25.60	26.25	26.38	26.67	26.88	0.5 %	2.5 %	0.5 %	1.1 %	0.8 %
Mars	25.33	25.50	26.03	26.16	26.42	26.63	0.7 %	2.1 %	0.5 %	1.0 %	0.8 %
Apr	25.11	25.30	25.76	25.95	26.09	26.30	0.8 %	1.8 %	0.7 %	0.5 %	0.8 %
Mai	24.98	25.14	25.44	25.72	25.90	26.11	0.6 %	1.2 %	1.1 %	0.7 %	0.8 %
Jun	24.88	24.87	25.24	25.48	25.63	25.84	0.0 %	1.5 %	1.0 %	0.6 %	0.8 %
Jul	24.45	24.54	24.95	25.10	25.28	25.48	0.4 %	1.7 %	0.6 %	0.7 %	0.8 %
Aug	24.13	24.22	24.55	24.75	24.95	25.15	0.4 %	1.4 %	0.8 %	0.8 %	0.8 %
Sept	24.07	24.12	24.60	24.75	24.95	25.15	0.2 %	2.0 %	0.6 %	0.8 %	0.8 %
Okt	24.20	24.46	24.90	25.00	25.20	25.40	1.1 %	1.8 %	0.4 %	0.8 %	0.8 %
Nov	24.78	25.22	25.57	25.61	25.81	26.02	1.8 %	1.4 %	0.2 %	0.8 %	0.8 %
Des	25.29	25.76	26.12	26.21	26.42	26.63	1.9 %	1.4 %	0.3 %	0.8 %	0.8 %
Gj.snitt	24.84	25.03	25.46	25.61	25.82	26.03	0.8 %	1.7 %	0.6 %	0.8 %	0.8 %
1. kv	25.41	25.59	26.12	26.27	26.54	26.75	0.7 %	2.0 %	0.6 %	1.0 %	0.8 %
2. kv	24.99	25.10	25.48	25.72	25.87	26.08	0.5 %	1.5 %	0.9 %	0.6 %	0.8 %
3. kv	24.22	24.29	24.70	24.87	25.06	25.26	0.3 %	1.7 %	0.7 %	0.8 %	0.8 %
4. kv	24.76	25.15	25.53	25.61	25.81	26.02	1.6 %	1.5 %	0.3 %	0.8 %	0.8 %

Grovfôrløvingane i 2017 var stort sett bra, men kvaliteten er forventa å bli dårleg mange stader. Det er venta at avdråttan likevel vil halde fram å stige med eit høgare kraftfôrforbruk enn i fjor. Ei tilpassing av produksjonen til disponibel kvote forventar vi vil skje ved reduksjon av dyretalet og i mindre grad ved redusert avdrått for resten av året. Avdråttan for hittil i år viser ein auke på over 0,8 %. Dette er nedjustert frå førre prognose som var på 1 %. For 2018 er det lagt inn ein auke på 0,8 % i forhold til 2017.

